

Kyrkjjetonar

What´s in it for Me?

Konfirmantar

soknehuset.no

Bruk litt mindre tid i butikken

SLUSH-kurs

**I Ecuador i 5 år
- et offer?**

What's in it for Me?



redaktørens hjørne

Men han ble såret for våre overtreddelser og knust for våre misgjerninger. Straffen lå på ham for at vi skulle ha fred, ved hans sår har vi fått legedom.

Jesaja 53, 5

Framsidediletet:

Eskil Santiago, Siv Anett og Kjetil Sande utenfor huset til Joel, 8 år. Familien hans er aktiv i en av samarbeidskirkerne våre. Les meir på side 12.

Kyrkjetonar

Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn.

Fire nummer i året: mars, juni, september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft, Espevik, 5560 Nedstrand. Mobiltelefon 900 26 142, e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Edvin Gjerde, Reidar Alvestad, Håvard Førland og Ingrid Hustoft Landro

Post til redaksjonen kan også sendast: Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon: 52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 0531.49.46091.

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype, 5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Eg vart flau når eg mottok årsoppgåvene til sjølvmeldinga. Ikkje dei årsoppgåvene som viser løna, men dei årsoppgåvene som viser kor mykje pengar eg har gitt, og får skattefrådrag for. Eg gir så lite pengar at eg helst vil sleppa å sjå det svart på kvitt.

Temaet for denne påske-utgåva av Kyrkjetonar er "offer." Me kjenner alle nokon som har ofra noko av sitt eige, for å leva ut ein draum, eller for at nokon andre skal få det betre. Kva er det som driv oss til å bytta vekk trygge goder, mot usikre framtdraumar? Hovudsaka er frå Ecuador, der utsendingane Siv Anett og Kjetil Sande fekk spørsmålet: "Kva har de ofra for å reisa ut for å hjelpa andre?"

Eg tenkjer at det er ein forskjell på å gi og å ofra. Offer har noko meir i seg. Du gir kanskje så det kan merkast på økonomien, eller du gir bort nokre goder til andre. Når du ofrar gir du av ditt eige, ikkje bare av di overflod. Bibelen fortel at me skal gi i det skjulte, og at "Gud elsker ein glad givar." Me skal gi fordi me unnar andre å ha det betre.

For nokre år sidan låg låta "What's in it for Me" høgt på norske spelelister. Er det slik me møter utfordringar, oppgåver og spørsmål om å gi pengar eller tid? I staden for å spørja korleis me kan hjelpa andre, spør me: "Kva får eg igjen for det?"

Jesus snudde dette på hovudet. Når han møtte andre som normalt skulle tena og æra Jesus, spurte heller Han: "Kva kan eg gjera for deg?" La oss møta våre medmenneske med same menneskeverd og respekt, og med Jesu spørsmål.

Det er godt å få gi, og å vita at det eg gir aukar menneskeverdet til eit medmenneske. Det er ein verdi i seg sjølv å sjå at mi pengegåve, eller den ekstra kvelden eg var med på barnelaget, får bety noko for andre.

I periodar av livet mitt har eg dagleg bede om at Gud må "peika på" menneske eg møter som treng omtanke, eit besøk og ein klem. Det er utfordrande å sjå kor mange av oss "heilt vanlege" som av og til opplever dagar som er så tunge at det er godt å ha ein venn som stiller opp.

Kanskje kan du gi eit lite offer, ved å skrua av yndlingsprogrammet på TV, og heller besøka den einsame naboen? Eller ved å gi litt av feriepengene til nokon frys og er svoltne?

Ikkje spør: "What's in it for Me?" Spør heller: "Kva kan eg gjera for deg?"

God Påske
Ståle Hustoft

Medarbeidarfest i Tysvær kyrkjelyd

tekst: Edvin Gjerde/ foto: Marit Sofie T. Vikre

Torsdag 14.januar var dei mange medarbeidarane, frivilljuge og ansatte, samla til festkveld på Tysvær Soknehus. Det var ingen liten flokk. Det var mange, då alle dei som driv dei mange lag, grupper og foreiningar av ulike slag møttest.



Denne gongen var det dei mange "slitarane" det skulle gjerast ære på! Flott dekket bord og flott program leia av kateketen vår. Tema for kvelden var Kyrkjener og kva det inneheld for kyrkjelydsarbeidet. Det er eit målretta opplegg mot born og ungdom i kyrkjelyden som ein nå har fått midlar til.


Noko av det mest oppmuntrande er å sjå kor mange unge som finn seg til rette i kyrkjelyden og deltar i dei ulike aktivitetane og er med i arbeidet. Eit ungdommeleg kor var med sin friske song eit friskt innslag i programmet. Marie Vikre delte med oss unge og eldre mange av sine gode tankar om arbeidet i Guds rike og den viktige rolla musikk og song kunne ha. Det lovar godt for framtida. Gjennom ei fin bildeframsnying fekk me sjå glimt frå korleis me har det i kyrkjelyden vår og det arbeidet som vert drive. Til ein slik fest vanka det god mat og slik var det denne gongen og.

Tysvær Soknehus - soknehuset.no

tekst: Edvin Gjerde/ Ruben L. Reiersen/ red.

Internett har vorte ein stad der det er viktig å vere representert og der det er lett å få tak i informasjon for alle som ynskjer det. I høve 10 års jubileet for Tysvær Soknehus fekk også soknehuset sin eigen nettstad, drifta av Ruben Ljostveit Reiersen med løyve frå Driftstyret for huset.

Alle hendingar som skal skje eller har skjedd i Tysvær kyrkje eller på soknehuset er ønskjeleg å få ut på heimesida. Der ligg program og kontaktpersonar for kyrkjesamfunna, organisasjonane og dei ulike aktivitetane. Alle har ei eiga underside kor dei kan leggje ut informasjon om det dei driv med. Håpet er at soknehuset.no kan verta ein stad der folk finn tak i informasjonen dei treng om kyrkjelyden. Det kan til dømes vera kva barnearbeid som finnest, utleieprisar, når ei møteveka startar eller kven som er kontaktperson for ein aktivitet. Nedst på framsida vert det jamnleg lagt ut ei ny teikneseriestripe og kan hende finn du bilete av Arne prest som dame og.



Sida er under utvikling og innspel vert mottatt med takk! Likeså dersom nokon har lyst til å vere med å lage header, logo og redigere andre bilete. Du når webmaster på post@soknehuset.no. Håpar du får god nytte av heimesida. Velkomen!

Tysvær Prestegjeld

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

telefaks: 52 75 77 10

åpningstid: tirsdag, onsdag og torsdag kl. 10 - 13

Kyrkjekontoret for Nedstrand sokn

telefaks: 52 75 77 21

åpningstid: tirsdag - fredag kl. 9 - 12

Sokneprest Arne Aurdal

Tysvær og Bokn sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 93 415 402

Sokneprest Øivind K. Holtedahl

Førresfjorden sokn, Aksdal Kyrkje
Mobiltelefon: 97 604 487

Sokneprest Dag Tormod Milje

Mobiltelefon: 93 415 401

Kateket Marit Sofie Teistedal Vikre

Tysvær soknehus, telefon privat: 52 77 72 78

Diakon Kjersti Hjelmervik Lofthus

Aksdal Kyrkje, mobiltelefon: 48 891 427

Trusopplæring: Kyrkjener prosjektleiar: Kristin Trageton Skofteland prosjektmedarbeidarar:

Nedstrand: Ingrid Hustoft Landro
Tysvær: Marit Sofie Teistedal Vikre
Førresfjorden: Kari Undheim
Telefon: 52 75 77 00*

Organistar

Kari Undheim, telefon 52 77 38 37
Stein Johannes Kolnes, mob. 90 918 088
Gunn Bergvold Larsen,
Bokn sokn tel.: 52 83 20 04

Kyrkjeverje

Tysvær kommune: Terje Fjeldheim
Mobiltelefon: 93 415 404
Bokn kommune: Svanhild Alvestad
Mobiltelefon: 93 415 440

Kyrkjetonarar

Tysvær sokn: Ingebrigt Lundervold
Mobiltelefon: 40 411 889
Førresfjorden sokn: Målfrid Høie
Telefon: 52 77 36 88
Bokn sokn: Odd Grønnestad
Telefon 52 74 84 03
Nedstrand sokn: Steinar Nordeide
Mobiltelefon: 93 415 403
Skjoldastraumen: Barbara Stølvik
Telefon 52 77 92 78
Kyrkjegardsarbeidar: Marita K. Dagsland

Lunsjtreff når nye høyder

Kjersti Hjelmervik Lofthus, diakon

Diakoniutvalget i Førresfjorden arrangerer Lunsjtreff i Aksdal kyrkje siste torsdagen i måneden fra januar-april og fra september til november. De har også god hjelp fra Sanitetsforeningen, en misjonsforening, Bygdekvinnelaget og andre frivillige medarbeidere. Hver gang serveres det en varmrett og kaffimat etterpå. Det er andakt og sang hver gang, og utlodning hører også til for å dekke utgiftene.

Oppslutningen om lunsjtreffet har bare økt. Det første året lunsjtreffet ble arrangert lå oppslutningen på 50-60 deltagere. Det har økt det siste halve året, og 25. februar ble det satt ny rekord. Det snødde tett denne dagen, og da komiteen satte opp bord til ca 50

syntes de at de tok hardt i. Folk turte vel ikke gå ut i snøstormen? Det viste seg at de hadde undervurdert folk i området! Deltagere strømmet på, og til slutt var de 80 stk. Det ble hektisk aktivitet med å sette opp ekstra bord, og hektisk aktivitet på kjøkkenet også. Treffet ble svært vellykket. Sverre Vågen holdt andakt og sang. Alle fikk gryterett, Jens Stangelands deilig fruktdessert, og Dagny Førlands nydelige lefser til kaffen.

Takk til dyktige og gavmilde medarbeidere!

Velkommen til vårens siste Lunsjtreff 29. april, kl. 11.30 – 13.30.

Bruk litt mindre tid i butikken

Kjersti Hjelmervik Lofthus

grønt hjørne

Den største utfordringen vi i vesten står ovenfor, er å redusere forbruket vårt. Alt vi bruker påvirker miljøet og gir økte CO2 utslipp. Trenger vi alt vi kjøper? Prøv å unngå å handle på impuls. Planlegg innkjøpene dine, skriv handlelister og følg dem. Ø-merket, Eu-blomsten, Svane-merket og Max Havelaar merket hjelper deg til å finne miljøvennlige, økologiske og rettferdige varer. Handler du stort klarer du kanskje å dra en gang mindre til butikken i uka? Da sparer du tid og penger. Må du kjøre til butikken, sparer du miljøet for litt mer CO2 også.

Les mer på www.gronnhverdag.no, www.etiskforbruk.no og www.svanemerket.no

Uten reklame var vi nødt til å satse på kvalitet (sitat Henry Tikkanen)

I Norge brukes det ufattelige 30 milliarder på markedsføring hvert år. Hver husstand får kilovis med reklame i året. Mesteparten går rett i papirinnsamlingen.

Heng opp en lapp på postkassa med reklame nei takk. Du kan bestille på bestilling@gronnhverdag.no Posten leverer også ut reserveringslapper.



Irriterer du deg over telefonsalg? Du kan også reservere deg mot dette, ring 815 48 020. Ved å kontakte Brønnøysundregisterenes reservasjonsregister <http://www.brreg.no> kan du også stoppe alt dette. På sikt skal du kunne reservere deg mot all reklame på www.minside.no.

Gud, hjelp meg å gi, både arbeid pengar og tid

av Marie Vågshaug

"Temaet for dette nummeret av Kyrkjetonar er offer. Andakten kan gjerne også handle om det, men du står heilt fritt." Dette fekk eg vite då eg blei bedt om å skrive nokre ord til denne utgåva av bladet.

Offer, smak litt på ordet. Kva inneber det for oss moderne menneske der hovudoppgåva i livet ofte er å "realisere seg sjølv"? Eg gjorde som eg ofte gjer når eg vil finne ut litt meir om eit tema, eg "googla" ordet offer på internett. Det stod side opp og side ned om både å vere eit offer eller å gjere eit offer. Eg fann mellom anna dette: Ofring kan defineras som ei relegiøs rite kor eit objekt blir gitt til ein gud for å etablere eller halda vedlike eit fundamentalt forhold til ein heilag orden i eit samfunn eller kosmos. Det har blitt ofra både dyr og menneske, einten for å oppnå eit eller anna eller som botemiddel for synd (fritt sitert).

Offer er sentralt i mange religionar, slik også i kristendommen og det er ofte omtala i Bibelen. I det gamle testamentet kan me lesa mykje om korleis menneske skulle ofra til Gud. Me kjenner vel alle forteljinga om Abraham som blei bedt om å ofre sonen Isak, men der Gud gav Abraham eit lam å ofre i staden då offerbålet var tent.

Det som skil vår kristne tru frå alle andre religionar er Gud sitt offer til menneska. Gud gav seg sjølv



gjennom sonen Jesus Kristus og tok på seg all verda si synd og skuld då han lot seg krossfeste på Golgata. Dette er ei gåve til oss som me kan ta imot. I Han har me tilgjeving for syndene våre. Me kan få tilhøyre Han i gode og vonde dagar i livet og, i følgje Bibelen, i all æve.

For så høgt elska Gud verda at han gav sonen sin den einborne, for at kvar det som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Joh. 3.16

Gud krev ikkje offer tilbake frå oss menneske, men han har bedt oss om å elske kvarandre og å dele med kvarandre. Det står sterkt i det kristne menneskesynet å dele med dei som har det vanskeleg. Jesus ba også disiplane om å gå ut i all verda å læra dei om Han og døypa dei til namnet hans.

Det er så mange rundt oss som treng at me har varme hjarte og vilje til å dele, les ofre, både arbeid, pengar og, kanskje aller mest, tid. Eg likar så godt slagordet til Frelsesarmeen om "suppe, såpe og frelse", det famnar heile menneske, ikkje berre det andelege. Eg oppmodar alle, inklusive meg sjølv, om å løfta blikket og sjå "nesten vår" som menneske elska av Gud.

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**
EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Dåpsskulen

tekst/foto: Kristin T. Skofteland

Dei to siste månadene før påske er det igjen tid for dåpsskulen. Tradisjonen byrja lenge før Kyrkjenær og vi har tatt den gode tradisjonen vidare. Alle på 1.trinn blir invitert til å vere med på samlingar i sin skulekrins. Det gjer at vi har dåpsskule sju ulike stader i kommunen.

Tema er ulike forteljingar frå Bibelen der Jesus møter ulike personar: barna, Sakkeus og Bartimeus. Vi lærer om kyrkja og dåpen og no dei siste gongene blir hovudfokus påske. Samlingane er varierte med forteljing, song og leik, og kvar gong lagar ungane noko dei kan ta med seg heim. Dåpsskulen blir avslutta med gudsteneste, der ungane får boka. "Tre i eit tre". Denne boka les vi i kvar gong, og den handlar om tre venner på 6-7år som har ein hemmeleg klubb.



Bibelutdeling for femteklassingar

av Edvin Gjerde

Den årlege utdelinga av biblar til femteklassingane fann dette året stad i Tysvær Kyrkje på sjølvaste fastesøndagen 14. februar. Men det er ikkje lenger slik at dei berre kjem i kyrkja og får ein bibel i gåve. Nei, markeringa starta lenge før det. Tidlegare i veka fekk dei vere med i kyrkja i lag med sokneprest Arne Aurdal og sett seg om og bli kjend med den. Då var det rom for spørsmål og kommentarar til alt dei såg. Mellom anna fekk dei sjå det som truleg er Tysværs eldste bibel. Fredrik 2.s bibel frå slutten av 1500-talet.


Laurdagskvelden var det samling og overnatting på soknehuset for dei som ville vere med på det. Og det var ganske mange som møtte opp med liggemadrass og sovepose. Under leiing av kateket Marit Sofie Vikre hadde dei ein fin kveld med ulike aktivitetar. Speidarane var med og hjelpte til. Det vart seine kvelden før det vart leggetid, og kan hende vart det fortalt spøkeleseshistorier etter den tid!

Søndagsmorgonen rann med frokost på soknehuset før det bar til kyrkja. Her skulle dei syne fram dramatisering av preiketeksten, innøvd om kvelden; og biblar på ulike språk frå mange land. Det gjorde dei på ein fin måte til glede for alle som var møtt fram og sikkert for mange stolte foreldre!



Glimt frå:
Diakonidag i Tysvær sokn

foto: Marit Sofie T. Vikre



Frå utdeling av biblar til femteklassingar i Tysvær kyrkje.

Dåp og utdeling av bibel til 5. klasse på Bokn

av Kari Hetland

Dåpsbarnet Jonas ble døpt og er i starten for sitt møte med kirken. For 5. klasse blir det en fortsettelse da de fikk utdelt bibel fra sokneprest Arne Aurdal, søndag 7.februar.

Først var det dåp. Det var en våken gutt i hvite dåpsklær med lyseblåe bånd som ble båret til døpefonten av sin farfar, Daniel Thuestad. Fadderne stod rundt Jonas og beundret han.

Drama

Etterpå var det 5. klasse sin tur. De skulle dramatisere ifra Markus 4.kapittel om sennepskornet og bonden. Elevene formidlet i drama sennepsfrøets vekst når sola varmer og det får utvikle seg i det rette jordsmonn. Aurdal snakket om tre ting som var lagt i jorda. Det var en kinderegg-leke, en stor stein og et lite sennepsfrø, som også er det minste såkornet av alle sorter frø. Ulikheten var at de var laget av forskjellig materiale og hadde ulik funksjon.

Leken og steinen hadde betydning for barns lek og steinen hadde styrke, men det lille sennepskornet var mykt, sårbart og lett å ødelegge. Helt til sola varmet

jordsmonnet og sennepskornet ble forvandlet fra noe lite og smått og vokste til slutt til ett stort tre med grener som fuglene kan bygge reder i.

Slik ble frøet som var det minste av de minste forvandlet til det sterkeste og høyeste og som flere kunne ha nytte av over lang tid. Aurdal trakk dette i forhold til de første 12 disipler til 2-3 milliarder kristne i verden idag. Noe lite ble til noe veldig stort.

Utdeling av bibel

Aurdal ropte opp navnene og hver elev kom fram og tok i mot bibelen. Aurdal sa at bibelen kanskje ikke var så tøff som mange andre ting vi kan få. Han sa videre at bibelordet er en skapende kraft og oppfordret elevene til å bruke boka de fikk. Han fortalte om legen Mario Garcio som fant en bibel på ett bibliotek han var satt til å rydde. Bøkene skulle brennes, men han tok bibelen med hjem. Garcio begynte å lese og det fikk betydning for hans arbeid som lege. Ikke bare fysisk trengte pasientene å bli friske, men også i hjertet, sa han.

To typer gudstenester

av Stein Johannes Kolnes

Vi snakkar tradisjonelt om to ulike slag gudstenester: messe og tidebøn. Messa er ei gudsteneste med nattverd. Det kan vere heilt enkle kvardagsmesser eller større messer på søndag og helgedagar. Tidebønene handlar derimot om dei daglege, sakramentlause bønegudstenestene. I desse står synginga (eller lesinga) av dei gamlestamentlege salmene og dei tre nytestamentlege cantica (Sakarjas, Marias og Simeons lovsong) sentralt.

I klostra er det mange tidebøner i løpet av ein dag – ja, i nokre klostresamfunn blir det også sunge tidebøner om natta. Martin Luther avskaffa klostervesenet, og med det fall dei fleste av desse gudstenestene bort i dei protestantiske områda. Morgonbønn og aftansong blei likevel bevart veldig lenge som restar av den gamle tidebønpraksisen. Men trass nokre forsøk på gjenoppliving dei siste åra er det lite igjen av denne hjå oss nå.

Frå 1600-talet til inn på 1800-talet blei det også tæra hardt på messetradisjonen. Nattverden, som tidlegare hadde vore hovudsak og klimaks i messa, blei fortrent til fordel for preika. Mens sakramentklokka i katolsk tid hadde innvarsla sjølve det mystiske høgdepunktet, då brødet og vinen blei forvandla til Jesu lekam og blod, blei det nå ringt med kyrkje-klokkene før preika tok til, for å kalle inn dei

etternølarane som framleis stod igjen og diskuterte (eller gjorde det som verre var) ute på kyrkjebakken. Til gjengjeld este preika ut i ein slik grad at det måtte settast grenser for veltalen: Ikkje over ein time skulle preika vare. Dei i kyrkjelyden som fall i søvn, blei mange stader vekt opp av folk som gjekk rundt med lange påkar.

Når det var "preik" i kyrkja, møtte bygdefolket mannsterkt opp. Og når det var nattverd éin eller to gonger i året, var det ei samfunnsplikt å ta del. Men med dei religiøse vekkingane på 1800-talet endra dette seg radikalt. Frå ein situasjon der alle hadde gått til alters når det ein sjeldan gong var nattverd, fekk vi nå ein situasjon der det var nattverd mykje oftare enn før, men at det var færre som tok del.

Tidlegare domprost Per-Olof Sjögren i Göteborg har omtalt dei ulike gudstenestetypene sin funksjon i fromhetslivet på følgende måte: Messene er dei pålane som held gjerdet oppe. Morgonbøn og aftansong er dei trådane som forbind gjerdepålane oppe og nede. Mens dei uavlatelege bønene er den nettingen som gjer gjerdet til eit tett og godt vern mot den vonde.



SLUSH-kurs

av Anne Marie Leth



Sølvi Ann Helland og Tor Arne Sæbø frå Vatland søndagskule var med på SLUSH-kurs



Dette er søndagsskulen sitt hjelpeleiar kurs. SLUSH står for Sprell Levende Unge Søndagsskule Hjelparar.

I november 2009 var fem 10-12 åringar frå Torvastad og Vatland Søndagsskular samla til kurs. Det var med ein vaksenleiar frå kvar søndagsskule. Søndagsskulekonsulenten vår, Elisabeth Vatland Fauskanger, var kursleiar. Kurset varte tre kveldar. Dei to første kveldane reiste me til Torvastad, og siste kvelden kom dei andre hit til oss.

Frå Vatland søndagsskule var Sølvi Ann Helland og Tor Arne Sæbø med. Dei seier dette om kvifor dei ville vera med på kurset: "Det er kjekt å oppleve noko nytt. Me ville læra meir om å vera hjelpeleiar. Me ville bli kjent med andre".

Her fortel dei litt om kva dei gjorde på kurset: "Kvar gong fekk me sjå ein video som handla om temaet for kvelden. Me fekk slush og god kveldsmat, pizza og taco. Og kvar gong hadde me kjekke samarbeidsleiker. Den første kvelden blei me kjent med Bibelen, og øvde på å finna fram i den. Andre kvelden snakka me om kva SLUSH stod for, og me fann ut litt om oss sjølve, kva me likte å gjera og var flinke til. Me laga fisk i krympeplast til bokmerke og lærte om kva den betydde. Tredje kvelden snakka me om søndagsskulen og kva ein hjelpeleiar kunne gjera. Me øvde på å fortelja bibelteksten. Til slutt fekk me diplom og armband (Kristuskransen)".

Her må eg føya til at ein praksistime hørde og med til kurset. Neste søndagsskuletime på Vatland var det Sølvi Ann og Tor Arne som fortalte bibelteksten. Det gjorde dei med handdokker, og dei andre barna fulgte godt med.

Eg spør til slutt om dei vil tilrå kurset for andre, og får eit tostemt "JA" til svar. Kurset var både kjekt og nyttig!

Jesu oppstandelse - myte eller faktum

av Øivind Benestad, Medlem av Agder og Telemark Bispedømmeråd

Kristne er enige om at Jesu oppstandelse er verdenshistoriens viktigste hendelse. Andre mener at Bibelen ikke forteller sannheten når den beretter om Jesu oppstandelse. La oss se på de vanligste teoriene.

1) Bedrag

Argument: Disiplene visste at Jesu oppstandelse var en bløff, men bestemte seg likevel for å forkynne at Jesus var oppstått.

Motargumenter: Etter å ha møtt Jesus etter oppstandelsen, ble alle disiplene forvandlet fra ynkelige feiginger til modige vitner. De fleste av dem ble etter hvert drept for det de trodde på og forkynnte. Ville de ha gått i døden for noe de visste var løgn og bedrag? Ville ikke noen av dem under tortur ha avslørt bedraget?

Teorien om et bevisst bedrag stemmer dårlig med det vi vet om apostlenes karakter. Dersom de hadde diktet opp Jesu oppstandelse, er det dessuten uforståelig at de valgte kvinner som de første vitnene, - de som i samtiden hadde lav status og ofte ble regnet som lite troverdige. Og hva med den tomme graven? Jesu motstandere var svært interessert i å fremskaffe Jesu døde kropp og vise den fram, men de greide det ikke. Graven var tom.

2) Legende

Argument: Troen på Jesu oppstandelse er i virkeligheten ikke mer enn en from legende.

Motargumenter: Sagn og legender utvikler seg vanligvis over tid – i god avstand fra begivenhetene. Disiplene forkynnte Jesu oppstandelse fra dag én. Allerede på 1. pinsedag proklamerte Peter oppstandelsen (Apostlenes gjerninger 2,22-36). I resten av Det nye testamente er Jesu oppstandelse et kjernepunkt. Også Jesus selv talte tydelig om at han skulle dø og stå opp igjen (bl.a. Markus 8,31; 9,31; 10,34). Jesu oppstandelse er beskrevet realistisk og nøkternt, uten de særegenheter som oftest kjennetegner sagn og legender.

3 Hallusinasjoner

Argument: Disiplene hadde syner og hallusinasjoner av Jesus etter korsfestelsen. I god tro forkynnte de så at han var oppstått og at de hadde møtt ham.

Motargumenter: Hallusinasjoner og syner kommer ofte etter at en person har drømt, grublet og lengtet etter at noe skal skje. For disiplene kom oppstandelsen derimot uventet, og først trodde de det ikke. De fleste var dessuten jordnære fiskere og håndverkere, ikke luftige mystikere. Hallusinasjoner er som oftest individuelle, men Jesus møtte disiplene som gruppe ved ulike anledninger.



4 Besvimelse

Argument: Jesus døde ikke på korset, han bare besvimte av tortur og blodtap. Han våknet til live igjen i graven.

Motargumenter: Romerske soldater hadde lang erfaring med korsfestelser. Historikere kjenner ingen som noen gang overlevde en romersk korsfestelse. Selv for en frisk mann ville det vært nesten umulig å komme seg ut av de stramme likklærne og rulle vekke den enorme steinen. For en som hadde hengt på et kors i flere timer og ikke fått mat og drikke på to-tre døgn, ville det ha vært komplett umulig. Disiplene ville dessuten lett ha sett forskjellen på en halvdød mann som trengte intensiv pleie og Jesus som dødens seierherre.

5 Feil person

Argument: Jesus ble ikke korsfestet og stod derfor heller ikke opp igjen. Muslimene tror f.eks. at en annen ble korsfestet i stedet for Jesus.


Motargument: At Jesus ikke ble korsfestet, strider mot alle historiske vitnesbyrd om Jesus. Det er utenkelig at disiplene, Jesu mor, soldatene og alle andre tok feil av personen som ble korsfestet for øynene på dem. Har Koranen, som ble skrevet 600 år etter Jesus død, større troverdighet i dette spørsmålet enn alle øyenvitnene?

Han lever!

Jesus er ikke i graven. Han overvant døden. Dette har vært kirkens tro gjennom to tusen år. Utallige mennesker har selv møtt ham og fått nytt liv i ham. Jesu soningsdød på korset er betalingen for våre synder. Oppstandelsen er kvitteringen på at det han gjorde på korset, er gyldig. Paulus sier i 1 Korinterbrev 15,14: "Er ikke Kristus stått opp, da er vårt budskap tomt, og deres tro er også tom." Så viktig er Jesu oppstandelse.

Sanneleg, eg seier dykk:
Alt de gjorde mot eit av desse
minste syskena mine,
det gjorde de mot meg.

Matteus 25. 40b



Ecuador i 5 år - et offer?

Siv Anett og Kjetil Sande

5 år uten familien i nærheten. 15 timer i fly borte fra venner. Tusenvis av soltimer langt borte fra snøen. Er det et offer? For noen vil nok det å reise til et land langt borte for 5 år, høres ut som en evighet. En evighet borte fra alt vi kjenner i Norge. Alle venner og familie. Alle godene og systemer som tilsynelatende fungerer. Tryggheten. Muligheten til å gjøre nye skritt på karrierestigen.

Fordelene i Ecuador

Hva har vi her i Ecuador som ikke finnes i Norge? Vi har sol stort sett hele året. Vi kan bade i bassenget hver dag. Vi har masse spennende, god frukt og blant annet jordbær hele året. Vi har hushjelp som vasker klær og hus, og lager mat til oss, slik at vi kan bruke tiden på jobb. Vi lærer spansk. Vi har Stillehavet og

strender bare 1 times kjøring hjemmefra. Vi har Andesfjellene med vakre fjellbyer, indianere og lamaer. Jungelen med laguner, fossefall og et unikt plante og dyreliv. Galapagos. Det meste er veldig billig, slik at hver gang vi kommer til Norge på tur får vi prissjokk. Men, det viktigste av alt; vi har en fantastisk jobb! En jobb som utsendinger gir oss muligheten til å hjelpe de svakeste, kjempe for deres rettigheter og gi dem håpet i fattigdommen både personlig, økonomisk, utdanningsmessig og for evigheten.

Ikke glem Herren din Gud –offer i tid og penger

Bibelen minner oss om at det er lett å glemme det viktigste når man har det så godt og samtidig ansvaret vi har som velstående mennesker:

Vokt deg vel for å glemme Herren din Gud, så du forsømmer å holde hans lover, bud og forskrifter, som jeg gir deg i dag. Når du kan spise deg mett, når du bygger fine hus og får bo i dem, når ditt storfe og småfe øker i tall, når du får mye gull og sølv, og hele din eiendom vokser, da vokt deg så du ikke blir hovmodig og glemmer Herren din Gud.

5. Mos 8,11-14a

I kraft av den nåde Gud har gitt meg, la jeg grunnvullen som en klok byggmester; en annen bygger videre. Men hver enkelt må være nøye med hvordan han bygger. Ingen kan legge noen annen grunnvoll enn den som alt er lagt, Jesus Kristus.

1.Kor 3, 10-11

Vi har alle et ansvar for hvordan vi bygger. Hvordan vi bygger våre egne liv og Guds rike rundt oss der vi bor. Grunnvullen er lagt av Jesus, vi må bygge videre rundt Han og Hans ord. Det er derfor genialt alt det som står i Bibelen om hvordan vi skal ta vare på de fattige, syke og lidende. At vi skal gi tiende av det vi tjener tilbake til bygging av Guds rike. Et økonomisk og tidsmessig offer.

Offer å leve nær fattigdommen

